

### **Korleis søkja om støtte til regionalt miljøprogram.**

1. Gå inn på heimesida til Bjerkreim kommune, klikk deg vidare til, næringlandbruk og miljø, landbruk, søkja tilskott og til regionalt miljøprogram
2. Trykk på til utfylling og start tjeneste og logg deg inn med bankid
3. Velg riktig aktør, organisasjonsnummer og klikk fortsett
4. Trykk på blå boks med regionalt miljøprogram, rogaland er preutfylt og trykk så på opprett søknad.
5. Nå er skjemaet oppe og moroa starter.
6. Dersom du har søkt tidlegare, og det ikkje er endringar i areal med meire, så klikker du nå på fana miljøtiltak i kart, deretter tegn i kart.
7. Du får nå spørsmål om du vil importera inn godkjente tiltak frå tidlegare år, og det vil du !!  
Nå laster maskinen opp kartene frå i fjor.
8. Sjå over om det ser greit ut, klikk så på «tilbake til søknad» i øverste høgre hjørne, du kommer så tilbake til sjølve søknaden og klikker deretter på «Hent tegnede tiltak». Søknaden din blir nå fylt ut med tala frå i fjor. Dersom det til dømes mangler litt bratt areal, så teikner du i kartet og lagrer det.
9. Sjekk om tala ser greie ut, det er dei tala me på landbrukskontoret godkjente i fjor som kommer opp i søknaden. Dei av dykk som søkjar på kystlynghei må gå inn og legge inn tal dyr som har beita.
10. Dersom det er noko som er feil, går du inn i kartet igjen og korrigeren, går tilbake til søknad og henter tiltaka på ny.
11. Dersom du har hatt miljøvennlig gjødselspreiing, begge gjødslingane i år, må du kartfeste dette, du må først legge inn arealet det er spreidd på og deretter kartfeste eventuell slangebruk. Gå inn i kart, teikn, gå tilbake i søknad og hent opp teikna tiltak. **Dette vert ikkje importert frå tidelegare år !**
12. Fyll ut eigenerklæringer, husdyrgjødsel er bare relevant for dei som driver miljøvennlig gjødselspreiing med nedlegging, NB !
13. Dersom det er ting du er usikker på, endringer du ikkje får til å legge inn med meire, så skriv ein melding til sakshandsamar. Eller ring ein av oss på landbrukskontoret.
14. **Trykk kontroller søknad, korriger eventuelle feil og ikkje minst send inn søknaden.** Mange gløymer dette, som er aller viktigst ! Dersom du går inn og åpner søknaden opp igjen, så må du huske å sende inn ein gang til !
15. Nå kan du endelig slappe av ☺